

## Prisar Økonomi og leiing I og II

---

**Generelt:** HLB er ein privat høgskule med lite statsstøtte. Difor er me avhengig av ei viss studentbetaling. Me har likevel vedteke å halda denne så lågt som råd. Samtidig ønskjer me å markera enno tydelegare at studieturane innanfor dei ulike kursa er viktige og integrerte delar av undervisninga. Brorparten av kostnadene med desse er difor inkluderte i modulprisen.

Modulprisar blir sette på grunnlag av faglege aktivitetar og studietur (inkl. gjennomførings- og førebuingkostnader for denne).

Modulprisane dekkjar uansett all undervisning og rettleiing både i klasserom og over elektroniske medium (elektronisk læringsplattfom Moodle). Eksamensavgifter er også inkluderte i modulprisen. Pensumlitteratur er *ikkje* dekka.

Når det gjeld dei studentar som følgjer undervisning via lokale studiesenter, må kvar student ta kontakt med eige senter for å finna eventuelle lokale avgifter. Desse er ikkje dekka i studieavgift til HLB.

Prisen på ØK I har blitt oppjustert med 3 000 for 2017/2018, på grunn av overgang frå seks til sju samlingar.

### ØK I (30 studiepoeng) – Kr 24 100,-

Modulen inkluderer ein studietur, vanlegvis tre dagar, men pga flyavgangar etc. kan det vere naudsynt med fire dagar for å nå over programmet. Vi har gjennomført studieturar til:

**Danmark (fram til 2015).** Konsentrert rundt Vitensenteret for landbruk i Århus, Viborg, samt ulike relevante bedrifter i området. Denne studieturen har gått over fire dagar i første del av november.

**Færøyane (2016).** Vi har besøkt universitetet på Færøyane og dei ulike utviklingsorganisasjonane knytt til landbruk og bygdeutvikling, samt besøkt sauebruk kring på øyane. Denne gjekk over fire dagar i oktober

**Polen; Krakow – Zakopane (2017).** Her hadde vi samarbeid med dei lokale universiteta i Krakow, besøkte diverse landbruksutviklingstiltak i området aust for Krakow og næringsutviklingstiltak kring Zakopane. Denne turen gjekk og over fire dagar i oktober

Komande skuleår vil vi mest truleg velje anten Krakow eller Færøyane på nytt. Dette vert mykje opp til studentane å delta i avgjerda om kvar vi skal dra.

Følgjande er inkludert i modulprisen:

- Reisekostnadar (fly, tog, leigebil m.v. frå Stavanger til studieområdet og attende)  
Vi kan leggje til rette for tilslutningsreiser frå andre deler av landet, ofte til ein god pris
- Overnattingar i dobbeltrom (inkludert frokost)
- Eit fellesmåltid (studieturmiddag)

## ØK II (30 studiepoeng) – Kr 22 100,-

Modulen inkluderer studietur(samling) til EU-hovudkvarteret Brussel. Studieturen går over tre dagar i månadsskiftet januar-februar kvart år.

Følgjande er inkludert i modulprisen:

- Reisekostnadar (fly, tog, leigebil m.v. frå Stavanger til studieområdet og attende)  
Vi kan leggje til rette for tilslutningsreiser frå andre deler av landet, ofte til ein god pris
- Overnattingar i dobbeltrom (inkludert frokost)
- Eit fellesmåltid (studieturmiddag)